

# **Prosedyre for samarbeid fastlege- sjukeheimslege ved innskriving og utskriving av pasientar ved Meland sjukeheim**

## **Føremål**

Sikre at relevant medisinsk informasjon om den enskilde følgjer pasienten slik at informasjonen er tilgjengeleg for fastlegen når pasienten er heimebuende, og for sjukeheimslegen når pasienten er på sjukeheimen.

Når pasienten er heimebuende har fastlegen det medisinske ansvar for pasienten. Når pasienten er innlagt i institusjon, her Meland sjukeheim, har lege ved sjukeheimen medisinsk ansvar for pasienten.

## **Grunnlag**

Lov om Helsepersonell kap 5 (taushetsplikt og opplysningsrett)

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 3-4

Forskrift om fastlegeordning i kommunene FOR-2012-08-29-842 § 8

## **Omtale**

Prosedyren omfattar informasjonsflyt mellom fastlege og sjukeheimslege, og informasjonsflyt mellom inntaksmøte, fastlege, og pleie/ omsorg når det gjeld innlegging ved Meland sjukeheim

Det skal ligge føre informasjon frå fastlege når pasienten kjem til sjukeheimen, og epikrise til fastlegen ved utskriving

## **Ved innlegging:**

For å sikre denne informasjon må fastlegen vite når pasienten skal innleggast.

- Frå inntaksmøtet skal avdelingssjukepleier ved korttidsavdelinga sende kopi av inntaksliste til begge legekontor, Frekhaug legesenter og Helsenaustet
- Nå ny pasient kjem til sjukeheimen skal ansvarleg sjukepleiar sende e-melding til fastlegen om at pasienten er innlagt.
- Fastlegen sender som e-melding til sjukeheimen naudsynte medisinske opplysninger inkludert oppdatert medisinliste og opplysninger om aktuell helsetilstand, og spesielt dersom det er ønske om vurderinger/ observasjoner eller behandlingsforsøk under oppholdet.
- Når pasienten er innlagt til regelmessige avlastningsopphold er det berre naudsynt med nytt skriv (e-melding) dersom det er endringar i pasienten sin medisinske tilstand, eller spesielle ønske om observasjon/ behandling under opphaldet.

- Ved utskriving
  - Sjukeheimslegen skriv epikrise frå opphaldet til fastlege som ein e-melding.
  - Endring av fast medisin må framgå av epikrise.
  - Multidoseark må følgje pasient til sjukeheimen, og sjukeheimslegen skriv endring på multidosearket. Endring av multidose skal sendast til apoteket, kopi av endring til heimesjukepleien og fastlege.

#### **Ansvar/mynde**

Fastlegar for pasientar ved Meland sjukeheim, sjukeheimslegar ved Meland sjukeheim, medlem av inntaksnemnda ved sjukeheimen

#### **Kvalitetsmål**

Sikre at relevant medisinsk informasjon om den einskilde følgjer pasienten slik at informasjonen er tilgjengeleg for fastlegen når pasienten er heimebuande, og for sjukeheimslegen når pasienten er på sjukeheimen.

#### **Evaluering**

#### **Kryssreferansar**

#### **Vedlegg**